



Katem Byggtjenester As
Råtun 45C
5239 RÅDAL

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2955 - 17/803

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

11.01.2017

Avslag på søknad om oppføring av fritidsbustad - gbnr 81/50 Risøy

Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar: Asbjørn Skage

Ansvarleg søkjar: Katem Byggtjenester AS

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak [med ansvarsrett] etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av fritidsbustad med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 0 m² og bygd areal (BYA) ca. 0 m². Utnytingsgrad er opplyst til 6,7 % BRA.

Det vert elles vist til søknad motteken .

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Trong for tilleggsdokumentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 26.09.2016. Det er ikkje sendt inn tilleggsopplysning i saka.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Risøy hyttefelt er definert som fritidsbustad .

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 24.08.2016. 0

Tiltaket er plassert utafor regulert byggjegrænse, med ei minsteavstand frå tomtegrænse på 3 meter.

Tilkomst, avkøyrsløse og parkering

Fritidsbustaden skal kun ha gangtilkomst frå tomtegrænse og til fritidsbustaden. Det er på situasjonskartet syna ei tilkomstveg, men det går ikkje fram av situasjonskartet de ytre mål på denne og om denne er i samsvar med reguleringsføresegna.

Plassering

Fritidsbustaden er plassert utafor regulert byggjegrænse.

Utnyttingsgrad

I gjeldande reguleringsplan er det satt ei maks BTA på 100 m². Sålangt vi kan sjå er fritidsbustaden større enn dette. I brev frå oss datert 26.09.2016 etterspør vi eit arealreikneskap på fritidsbustaden der det går fram faktisk storleik. Ved avvik i frå maktgrænse skal det søkjast om dispensasjon i frå dette. Vi kan ikkje sjå å ha motteke dispensasjon eller arealreikneskap for fritidsbustaden.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §12-4 vert det ikkje gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for oppføring av fritidsbustaden.

Fritidsbustaden er i strid med gjeldande reguleringsplan. Plassering er i strid med regulert byggjegrænse, og det er ikkje gjort rede for faktisk arealreikneskap for fritidsbustaden i samsvar med gjeldande reguleringsplan. Det er ikkje gjort rede for tilkomstvegens ytre mål om denne er i samsvar med gjeldande reguleringsplan. Vi kan ikkje sjå at det er søkt dispensasjon i frå desse krava, og søknaden vert difor avslått.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/2955

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Asbjørn Skage

Råtun 45 C

5239

RÅDAL

Mottakarar:

Katem Byggtjenester As

Råtun 45C

5239

RÅDAL